


NRK Nynorsk mediesenter



Kvinnestyrt NRK Nynorsk mediesenter

Frå desember 2009 er det berre kvinner som styrer med NRK Nynorsk mediesenter, tre faste og ei hyra på kontrakt. – Vi skal gjere vårt for å ikkje leve opp til mytane om reine kvinnelag, og dessutan er det rikeleg med mannsfolk å bryne seg på i NRK Sogn og Fjordane, seier Magni Øvrebotten.

I år har vi markert fem års drift og lagt til NRK i namnet vårt. Kull 11 er på veg ut dørene og kull 12 byrjar 4. januar 2010. Per dags dato har vi sendt frå oss 50 nynorskpraktikantar og 74 % av dei arbeider i media, tyngda i NRK.



Frå venstre faglærar Tone Lin Støfring, kursansvarleg Wenche Eikum, leiar Magni Øvrebotten og faglærar Randi Indrebø.

Randi Indrebø og Tone Lin Støfring er faglærarar. Sistnemnde kjem rett frå fire månader mammapermisjon med barn nummer tre. Støfring har vore journalist, programleiar og vaksjef i NRK Sogn og Fjordane sidan 2004. Frå 2000 var ho journalist i NRK Nyheter i Oslo, med sport og økonomi som fagområde, og mykje brukt som meldingslesar i Dagsnytt og Alltid Nyheter.

Tone Lin Støfring er cand.mag. med utdanning i journalistikk frå Høgskulen i Volda, merkantil fransk og internasjonal handel frå Høgskulen i Halden og reiseliv- og hotellfag frå ein høgskule i Frankrike. Ho byrja i NRK i 1996 og var nynorskpraktikant i NRK Sogn og Fjordane i 1997/98.

- Eg gledar meg veldig til dei nye praktikantane kjem 4. januar, seier Tone Lin Støfring. Det blir på ein måte "mitt kull". Det blir spennande å sjå om vi klarer å finne talentet for journalistikk i dei velkvalifiserte damene og utvikle det. Det blir mitt ansvar, og det er ei stor utfordring. Då eg var nynorskpraktikant i NRK Sogn og Fjordane laga eg mi første reportasje etter berre to dagar på jobb. Dei praktikantane som får plass ved NRK Nynorsk Mediesenter i dag får ei solid plattform med teori både på radio, tv og internett før dei blir kasta ut på djupt vatn, seier Støfring

- Altoppslukande!



Frå venstre : Simon Solheim, Aleksander Vallestad, Sara Myhren Kornberg, Bjørn Ivar Voll og Mathias Oppedal.

Kull 11 forlet Førde til jul og 4.januar byrjar dei i ekstern praksis. Mathias Oppedal i NRK Rogaland, Aleksander Vallestad i NRK Hordaland, Sara Myhren Kornberg i Norgesglaset på Tyholt, Bjørn Ivar Voll i NRK Dagsnytt og Simon Solheim i NRK Sogn og Fjordane. Han har alt fått seg eit vikariat der frå 1.mars. Her oppsummerar dei fire månader som nynorskpraktikantar:

Mathias Oppedal:

- *Opplegget har vore altoppslukande for min del. Dei siste fire månadane er det ikkje mykje i livet mitt, som har handla om anna enn NRK Nynorskmediesenter og NRK. Difor har eg heller aldri lært så mykje på fire månadar før. Eg har problem med å hugse tilbake til ei tid der eg ikkje byrja dagen med morgonmøte. Og eg kan vanskeleg tenke meg noko anna å gjere, enn å vere journalist. Dette kan eg takke NRK Nynorsk mediesenter for. 6 månadar journalistskule er meir enn nok, forstår ikkje kvifor dei på universiteta har to til tre år.* (Oppedal har tre års medieutdanning frå Universitetet i Stavanger).

Sara Myhren Kornberg:

- *Som nynorskpraktikant føler ein seg ikkje berre privilegert, ein er det også. Så mange flinke folk har ausa av sin kunnskap for å lære oss å bli flinke journalistar. Eg har fått gjere ting desse månadane som eg tidlegare berre kunne drøyme om. Til dømes hadde eg for eit år sidan aldri trudd at eg kom til å ha eit innslag i Dagsrevyen. Ein draum har vorte verkelegheit. Eg har aldri tvilt på at det er journalist eg vil vere, og gjennom NRK Nynorsk mediesenter har det no vorte ein realitet.*

Simon Solheim:

- *NRK Nynorsk mediesenter var svaret på spørsmålet mitt om eg skulle satse på ei journalistkarriere, eller ikkje. Eg har fått inspirasjon og trua på meg sjølv - noko ein treng i ein så krevjande bransje. NRK Nynorsk mediesenter er ein talentfabrikk, og det finst knapt ein betre stad å bli kjend med reportertilvertet. Som praktikantar har vi fått tillit i redaksjonen i NRK Sogn og Fjordane frå dag ein, og dagane på desken har dei siste vekene vore veldig hektiske. Det er gjevande å ha praksis i ein redaksjon som har eit så stort riksfookus som NRK*

Sogn og Fjordane har. Miljøet er prega av lagånd, og alle bidrar til å gjøre kvarandre gode.

Aleksander Vallestad:

- *Tida i praksis har vore veldig spennande. Her er det rett på djupt vatn, men samstundes med god støtte fra erfarte og flinke journalistar. Det er ei god kjensle å gå heim frå jobb og kjenne at eg allereie gler meg til neste dag. Det er nye folk å snakke med, nye utfordringar å overvinne og nye grenser å flytte.*

Bjørn Ivar Voll:

- *Tida i Førde, hjå NRK Nynorsk mediesenter har vore lang og kort på same tid. Lang fordi me har lært så mykje. Kort fordi når me først har lært noko er det nye ting som skal lærest. Reisa frå først dag på "loftet" og fram til siste veke i intern praksis på desken i NRK Sogn og Fjordane har bydd på mykje lærdom frå dyktige journalistar på huset, og inspirerande gjesteførelesarar.*

Det er difor vanskeleg å hente fram beste minne frå hausten, men samla kan eg seie at noko av det beste er å bli kasta ut i det og kjenne at ein meistrar det, etter kvart. For som nynorskpraktikant vert det mykje prøving og feiling. Ein ting er eg sikker på – eg skal bli journalist. Nynorskbrukande journalist.

Vertsutvalget er nøgd med praktikantane

Redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane er avgjerande for opplæringa og praksisen nynorskpraktikantane får dei fire månadane dei er i Førde.

Det er der dei får brynt seg på både saker og samarbeid med andre, i ein travl kvardag.

Røynsla derifrå er god å ha med seg til andre redaksjonar.



Distriktsredaktør Rolf **Sanne-Gundersen** oppsummerar slik når kull 11 er på veg ut:

- *Hovudinntrykket er at samarbeidet om praktikantane i praksisperioden aldri har vore betre. Dei blir betre og raskare integrert i redaksjonen. Derfor har dei også laga meir stoff, ikkje berre til våre eigne sendingar men også til riksflatene. Ei viktig forklaring er at opplæringa den første tida heng nøye saman med det som møter dei i praksis i NRK Sogn og Fjordane.*

Kommunikasjonen mellom våre tilsette og dei tilsette i NRK Nynorsk mediesenter er også veldig god. Det er alltid krevjande å ha mange nye i ein liten redaksjon, men totalt sett er praktikantane ein verdifull og nyttig tilvekst. Dei gir ikkje berre meir journalistikk, men også andre måtar å sjå verda på, andre innfallsvinklar og meningar.

Kull 12 – det fjerde jentekullet

Det var 46 søkjrarar til kull tolv. Elleve av dei var inne til konferanse og studiotest og vi enda opp med det fjerde jentekullet vårt. Tre av fem har søkt fleire gonger og syner såleis at det nyttar.



Gunn Evy Auestad (1986), frå Karmøy i Rogaland. Studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen, med spesialisering i latinamerikansk politikk. Har også eit år med spansk – og Latin-Amerika-studiar. Auestad har vore nyhendejournalist i Haugesunds Avis og Studvest i Bergen. Ho er aktiv i støttegruppa for Rafto-stiftinga.
– *Identiteten min som nynorskbrukar er sterk*, seier Gunn Evy Auestad.

Astrid Marie Grov (1984), frå Hovin, Tinn i Telemark. Vitskapleg assistent ved Testlaboratoriet, Institutt for lingvistiske- og nordiske studiar, Universitetet i Oslo. Ho har mastergrad i språk, studieretning lingvistikk frå same universitet, og ei årseining i folkemusikk frå Akademiet i Rauland.

– *Eg trur eg eignar meg betre som utolmodig journalist enn som forskar. Men språkvitskapen fekk meg attende til nynorsken, etter nokre år med misforstått bokmålsbruk. No er nynorsken viktigare for meg enn dialekta mi*, seier Grov.



Mari Langva (1986), frå Volda på Sunnmøre. Har studert medieproduksjon ved NTNU sidan 2007 og er redaktør for Student-TV i Trondheim. Ho har studert spansk språk og latinamerikansk kultur i Mexico i regi av Gateway college, og vore frilansar for lokalavisa Møre.

– *Motivasjonen for å søkje NRK Nynorsk mediesenter er todelt. Eg vil både lære meir om journalistikk og gjerne medverke til at fleire vågar å halde på nynorsken sin*, seier Langva.

Ingvild Aaen Torpe (1982), frå Voss i Hordaland. Arbeider som Let-regissør i produksjonsselskapet Monster Entertainment i Oslo, der ho og har vore manusfattar og researcher. Torpe er bachelor i fjernsyn- og multimedieproduksjon ved Universitetet i Stavanger og har grunnfag i medievitskap frå NTNU i Trondheim.



- Eg har fått meir og meir lyst til å arbeide som journalist. Har alltid vore oppteken av nynorsken, både skriftleg og munnleg. Men i ein Oslostyrt underhaldningsbransje er ikkje det alltid like lett, seier Ingvild Aaen Torpe.



Kristin Vestreim (1982), frå Kaupanger, Sogndal i Sogn. Arbeider i Verdens Sterkeste Mann, eit produksjonsbyrå i Oslo, som arbeider med reklame og lydlegging av film. Vestreim har vore med i prosessen frå manus til ferdig produkt.

Ho har studert nordisk språk ved Universitetet i Oslo og teke grunnfag i kunsthistorie ved NTNU i Trondheim.

- Eg ynskjer å bli nyhendejournalist, og kan eg medverke til meir bruk av nynorsk i media er det ingenting eg heller vil, seier Vestreim.

KURSVERKSEMDA

Det er to nye kurs som har dominert kursverksemda denne hausten. Kurset "God nynorsk" har vorte veldig godt motteke av både privat og offentleg verksemd. Mange har tilsett som nyttar bokmål privat, men som må skrive nynorsk på jobb. I tillegg er det mange som treng ei oppfrisking av kva som er god nynorsk. Kurset gir også innføring i korleis folk kan bli flinke til å kommunisere bodskapen sin.

Nytt i haust er også kurset "Stemmebruk og kommunikasjon". Dette spesiallaga vi for tilsett på NAV som skal møte kundar/brukarar på telefon. Kurset fekk gode tilbakemeldingar, og også andre som nyttar stemma som arbeidsreiskap er interesserte i dette kurset.

Sjølv om desse nye kursa har teke tid, har vi også hatt medietrening med gamle og nye kundar i tillegg til eit kurs i skriving for Internett. Sjølv om vi har hatt desse kursa ei tid, så ser vi at trøngen for dei berre aukar. Fleire og fleire har internettssider som dei brukar i kommunikasjonen med omverda. Og dersom du som leiar, politikar, tillitsvald eller byråkrat ikkje maktar å takle media, kjem du fort til kort.

- Det er fleire som har tinga kurs til 2010 allereie. Vi kjem også til å halde fram med å skreddarsy kurs for kundar som ynskjer noko litt utanom dei ferdige opplegga, seier kursansvarleg Wenche Eikum.



På nettsida vår www.nynorskmediesenter.no finn du meir om kursa våre, kurshaldarane og tilbakemeldingar frå dei vi har kursa.

Kvar vert nynorskpraktikantane av ?

Per 1.12. 2009 har vi lært opp 50 nynorskpraktikantar, og 74 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media, tyngda i NRK. Femten har fast arbeid, elleve i NRK. Tolv har satsa på anna arbeid/studiar og resten er tilkallingsvikarar/vikarar i media, dei fleste i NRK.

Fire tidlegare nynorskpraktikantar er avisjournalistar; i Telemarksavisa, Møre, Drammens Tidende og Sunnmørsposten. Tre er informasjonsfolk; i Datatilsynet, ved Hålogaland teater og i Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU).

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, NRK Utanriks, Tekst-TV og NRK.no, Kulturnytt, poesiprogrammet "Diktafon" i NRK P2, Nattønsket i NRK P1, Juntafilredaksjonen i NRK P3, FBI og Newton i NRK1, NRK Super, Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland.

Positiv særbehandling

I høve tilsettingsstoppen i NRK har nynorskpraktikantane og stipendiatane frå NRK FleRe hatt sokalla "positiv særbehandling". Det betyr at dei vert rekna som interne søkerar til både faste stillingar og vikariat, og redaksjonane må ikkje søkje om unntak frå tilsettingsstoppen for å tilsette dei. NRK innførde denne ordninga for dei fordi NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter er strategiske rekrutteringstiltak for NRK.

På nettsida www.nynorskmediesenter.no prøver vi å ha oppdaterte oversikter over kva tidlegare nynorskpraktikantar arbeider med, men vi er avhengige av at dei melder frå når dei skifter arbeid.

Tiande kullet – 5. januar til 30. juni 2009



Frå venstre; Ingunn **Thon** (1986), er produksjonsassistent i NRK Super, Malin Olivia **Dahlberg** (1982) er tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, Ingvild **Ryssdal** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og skriv på masteroppgåva si i samanliknande politikk. Anna **Gytri** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane og Siri Kleiven **Strøm** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer administrasjon- og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen.

Niande kullet – 25. august 2008 til 28. februar 2009



Frå venstre Steinarr **Sommerset** (1983), har reist til England, der han er fast tilsett i ei verksemd som utviklar tv-spel, Samina **Bruket** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland og for tida programleiar i Norge Rundt , Ann-Iren **Finstad** (1980) er vikar i NRK Kulturnytt, Magnus **Stokka** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland og Erling Molt **Korsnes** (1984) er vikar i Trafikkredaksjonen på Tyholt.

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) er vikar på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll **Berge** (1980) er medielærar i Stavanger, Olav Arne **Nedrelid** (1978) er vikar i NRK Møre og Romsdal, Roger Sevrin **Bruland** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og Eivor **Brandseth** (1985) fullførde ikkje på grunn av sjukdom.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er informasjonsrådgjevar i Datatilsynet, Eline Buvarp **Aardal** (1984) studerer russisk i Kviterussland, men vil attende til journalistikken neste år. Håvard **Tvedte** (1981) er bibliotekar i Stortinget, Ingunn **Viken** (1980) er frilansjournalist for Sunnmørsposten og Ivar **Folkedal** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Nyheter og tek mastergrad i journalistikk ved Universitetet i Oslo.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølvberg** (1978) arbeider i Gateway College, Yngvill Kolset **Haga** (1980) er tilkallingsvikar i NRK P2, Mona **Vetrhus** (1975) er programleiar for poesiprogrammet "Diktafon" i NRK P2. Ragnhild **Bjørge** (1977) er vikar som reporter og reportasjeleiar i NRK Dagsnytt og Inger **Tveito** (1985) arbeider ved Lovisenberg sjukehus.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) utdannar seg til lærar, Marianne **Feste** (1981) er vikar i NRK Hordaland, Gøril **Furu** (1984) er fast tilsett i Musikk- og nattredaksjonen på Tyholt, der ho er programleiar for "Nattønsket". Ingrid **Hognaland** (1986) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer økonomi og administrasjon ved Høgskulen i Bergen og Vidar **Eidhammer** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland og studerer journalistikk ved Universitetet i Stavanger.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønsteboe **Svendseid** (1984) er fast tilsett som informasjonskonsulent i Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). Erlend Blaalid **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er forfattar og Øystein **Windstad** (1983) studerer statsvitenskap ved NTNU og er tilkallingsvikar i Adressavisa og Trønderbladet.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er vikar i NRK Hordaland, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett i Drammens Tidende, men får ikke skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitekthøgskulen i Bergen og Håvard **Hamnaberg** (1978) er overingeniør i ressursseksjonen i NVE, med fornybar energi som spesialfelt.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) er programleiar for Newton i NRK1, og fast tilsett. Eli **Vaage** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Skrivekunstakademiet i Bergen. Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa, Birte Njøsen **Horne** (1984) er fast tilsett og arbeider i FBI, og Janne-Marit Myklebust **Falck** (1981) er fast tilsett i lokalavisa Møre.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) er fast tilsett i NRK Dagsnytt. Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett prosjekt-leiar i produksjonsselskapet Snøball Film, og lagar mellom anna undervisningsfilmar for Utdanningsdepartementet. Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett og for tida vaktsjef i Dagsrevyen. Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3 og produsent for programmet Juntafil. Inger Johanne **Sæterbakk** (1981) er fast tilsett informasjons- og marknadskonsulent ved Hålogaland teater.

Visjon og verdiar

"Stolt nynorsk"

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiling av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunnsdebatten.

"Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal bygge vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nyorskmediesenter@nrk.no
www.norskmediesenter.no

NETT: